

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøt 998290
MØTETIDSPUNKT: 18.06.2020, kl. 15.00 – 16.50

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

Administrerande direktør Erik M. Hansen, Helse Vest IKT deltok under **sak 22/20**.

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 15/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakrar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 16/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
18.05.2020****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 18.05.2020.

Sak 17/20 Administrerande direktør si orientering**Oppsummering**

Orientering om status for pågåande arbeid i prosjektet B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager.

Fagdirektør og adm.direktør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til orientering.

Sak 18/20 Årleg gjennomgang av styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- *Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»*
- *Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel*
- *Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF*
- *SAV Styringsmodell*
- *Styrande dokument til Fullmaktsmatrise*

- *Fullmaktmatrise*
- *Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest*
- *Konsept for intern kontroll i Helse Vest*
- *Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest*

Sak 19/20 Rapport internrevisjon av internkontroll

Oppsummering

Sjukehusapoteka Vest HF har i brev av 23.04.2020 til Helse Vest RHF svart ut «kva som er gjort frå administrasjonen si side innan dei tema rapporten tok opp»; leiinga sin gjennomgang, samle risikovurderingar og etablere prosessar for deling av analyser og hendingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek Sjukehusapoteka Vest HF si oppfølging av rapport om internrevisjon av internkontroll til vitande.

Sak 23/20 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

- Rapporten «SAV i 2019»
- Protokoll frå føretaksmøte 20.05.2020 mellom Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 20/20 Verksemdsrapport per mai 2020

Oppsummering

Rapporten er lagt fram for styret. Styret gjer stor honnør til medarbeidarar og leiinga i Sjukehusapoteka Vest HF for handtering av koronasituasjonen.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per mai 2020 til vitande.

Sak 21/20 Delevaluering – handtering av hendinga Covid-19

Oppsummering

I tråd med gjeldande beredskapsplanverk har Sjukehusapoteka Vest HF gjennomført ei skriftleg delevaluering av hendinga Covid-19 som konkluderer med at SAV har

oppretthalde normal drift og innfridd leveransar til sjukehusføretaka. Ein må sjå nærare på utarbeiding av pandemi- og kommunikasjonsplan og korleis samhandlinga med andre føretak i Helse Vest har verka så langt i hendinga. Tiltak frå evaluering må samordnast med andre sjukehusapotekføretak gjennom felles beredskapsadministrasjon.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

Sak 22/20 IKT tryggleik i Helse Vest**Oppsummering**

Helse Vest IKT har utarbeidd eit notat om Riksrevisjonen sine funn ved gjennomføring av sikkerheitstestar i Helse Vest IKT sin IKT-infrastruktur i veke 2 til veke 5 i 2020.

Administrerende direktør Erik M. Hansen, Helse Vest IKT, orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

.....

Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.